



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
16/41739-23

Dykkar referanse:  
18/1710 - 18

Vår dato:  
09.01.2019

### Om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan Apalen Sør og Helleåsen – gnr. 202 bnr. 3 m.fl. – Hjelmås – Lindås kommune

Vi viser til orientering om planvedtak, mottatt 20.12.2018, der det er gitt dispensasjon frå rekkefølgjekrav gjeve i reguleringsplanane Helleåsen og Apalen sør.

Statens vegvesen har tidlegare gjeve uttale i dispensasjonssaka. Der var vi negativ til at det blir gitt dispensasjon frå rekkefølgjekravet, som skal ivareta trafikktryggleiken for mjuke trafikantar på strekninga.

#### Kommunalt vedtak

I møte 12.12.2018 har Plan og miljøutvalet gitt permanent dispensasjon frå rekkefølgjekrav i dei to reguleringsplanane. I dispensasjonsvedtaket er det sett følgjande vilkår:

*«Dispensasjon gis på vilkår av at tiltakshavar/e gjennomfører foreslått tiltak skissert i søknaden i punkt 4.0 «Våre innspel til gjennomføring av trinnvis utbygging». I tillegg skal det etableres fortau på heile strekkingen.»*

Statens vegvesen forstår vedtaket slik at tiltakshavar skal syte for at dei fysiske tiltaka i søknadens avsnitt 4.1 vert utført. I tillegg skal dei etablere fortau på heile strekninga. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltakshavar stiller med bankgaranti for tiltaka.

#### Manqlar ved vedtaket

Statens vegvesen meiner det er uheldig at vedtaket ikkje nemner standardkrav til fortauet. Etter vårt syn må fortauet ha ei breidde som tillèt maskinelt vedlikehald, slik at ein er sikra heilårsbruk av fortauet. Vi meiner difor at fortauet må ha ein breidde på minimum 2,5 meter. Fortauet må også liggje på same side av vegen på heile strekninga.

Tiltak som skilting og fartsreducerande tiltak skal vurderast etter gjeldande regelverk. Basert på tilhøva på strekninga, er det Statens vegvesen som skal vurdere slike tiltak på fylkesveg. Vi vil vurdere trong for fartshumpar når utforming av fortau og andre tiltak er avklart.

Vidare er det ein føresetnad for gjennomføring av tiltak på offentleg veg at det vert inngått gjennomføringsavtale med Statens vegvesen. Ved å inngå gjennomføringsavtale vert byggjeteikningar godkjent, og det vert sett krav til oppbygging, utforming, drenering og gjennomføring av tiltaka. Slik sikrar ein rett kvalitet på tiltaket, og trygg ferdsle i anleggstida.

#### Oppsummering

Statens vegvesen tar Lindås kommune sitt vedtak til etterretning, med dei gitte vilkår for vedtaket. Statens vegvesen vil bidra med avklaringar undervegs, slik at ein sikrar trygge tilhøve både i gjennomføringsfasen og ved ferdig anlegg.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER